

KONTROLLUTVALET FOR AUSTRHEIM KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 02. mai 2016
Stad: Møterom Børilden, kommunehuset Austrheim
Kl.: 08.30 – 12.40
Tilstade: Solveig Hopen (leiar), Arne Kästel (nestleiar), Bente Øksnes (medlem), Tore Austrheim (medlem) og Rolf Sandstad (medlem)
Innkalla: Rådmann Jan Olav Osen og økonomisjef Olav Birger Andersen (til sak 13/16 og 14/16) og ordfører Per Lerøy (til sak 14/16)
Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik
Sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall:

10/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

11/16 Godkjenning referat frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå 08.02.16 vart godkjent slik den ligg føre.

12/16 Skriv og meldingar

- Kontrollrapport 2015, Skatteoppkrevjarfunksjonen for Austrheim kommune
- Årsrapport 2015, Nordhordland kemnerkontor
- Austrheim kommune – Budsjett og økonomiplan, Fylkesmannen i Hordaland

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

13/16 Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2015

Saksvedlegg: Årsrekneskap, årsmelding frå rådmann, revisjonsmelding og revisjonsrapport nr. 13.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2015, og stilte spørsmål til administrasjonen og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok å gi slik uttale til kommunestyret om Austrheim kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2015:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Austrheim kommune for 2015. Saman med årsrekneskapen låg det føre ei årsmelding frå rådmann. Revisjonssjefen gjekk igjennom revisjonsmelding for 2015 og revisjonsrapport nr. 13 frå Nordhordland Revisjon IKS.

Kontrollutvalet merker seg at netto driftsresultat i 2015 er minus 7,8 mill. kr, det er om lag 0,7 mill. kr lågare enn 2014 og 13,2 mill. kr dårlegare enn i 2013. Driftsinntektene aukar med 2 %, mens driftsutgiftene aukar med 1 %. Frå og med 2014 blir ikkje momskompensasjon frå investeringar lenger ført i driftsrekneskapen, men inntektsført direkte i investeringsrekneskapen. Det tilrådde nivået for netto driftsoverskot i prosent av driftsinntektene er på minimum 1,75%.

Det var 168 mill. kr til fordeling av drift i 2015 og årsrekneskapen viser at det vart eit rekneskapsmessig meirforbruk på 8,2 mill. kr. Kommunen har ikkje lenger noko disposisjonsfond til å dekke eit meirforbruk og må ta høgde for dette i budsjettet dei neste åra.

I skriv frå Fylkesmannen 11.04.2016 om budsjett og økonomiplan i Austrheim kommune vert dette peika på. Der står det blant anna:

«Kommunen må gjere vedtak om inndekningsplan for meirforbruket for 2015-rekneskapen. Dersom inndekningsplanen går utover 2017, vil kommunen bli registrert etter kommunelova 60 for særleg godkjenning og kontroll (Robek). Dersom kommunen ikkje gjennomfører vedteke inndekningsplan i rekneskapa for 2016 og 2017, vil kommunen også bli registrert etter dei avlagde årsrekneskapa for kvart av desse åra.

Vi tilrår ikkje å fordela underskotsinndekninga over meir enn to år, det vil seie utover 2017. Kommunen bør i samband med budsjettrevisjon innarbeide ein del av underskotsinndekninga allereie i år. Kommunen bør ikkje utsetje heile inndekninga til 2017. Underskotsinndekninga må bli finansiert av netto driftsoverskot og ikkje med bruk av kapitalinntekter frå t.d. sal av eigedom.»

Kontrollutvalet er uroleg for meirforbruket på 8,2 mill. kr og den negative retninga kommunen no er på veg, og oppmodar på det sterkaste at tilrådinga som her kjem frå fylkesmannen vert følgd.

Den langsiktige gjelda utanom pensjonsforpliktingar har auka med 23 mill. kr i 2015. Kommunen har ei høg lånegjeld og ein auke i rentenivået vil påverke kommunen sin økonomi negativt. Arbeidskapitalen (Omløpsmidlar – kortsiktig gjeld utan premieavvik) er eit mål for kommunen sin likviditet. Utan ubrukte lånemidlar så er arbeidskapitalen nesten lik null.

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning. Kontrollutvalet har merka seg revisjonen sine kommentarar i revisjonsrapport nr 13 (18.04.16) der det mellom anna er peika på:

- Større bruk av Visma budsjettmodul

- Det er ikkje fult samsvar mellom spesifikasjon i opphavleg budsjettvedtak og opphavleg budsjett i rekneskapsskjema 1B.
- For å sikre samsvar mellom sakspapir ved opphavleg budsjettvedtak, budsjettjusteringar, rapportering av budsjett og rekneskap, vert det tilrådd at kommunen vurderer større bruk av Visma budsjettmodul.
- Meir nøyaktige grunnlag og rapportering i budsjettprosessen
 - Tilråding om at ein kvalitetssikrar sakspapir til kommunestyret sine vedtak om budsjett og budsjettjusteringar slik at ein sikrar klar samanheng mellom sakspapir, vedtak og registrering av budsjett i rekneskapen.
- Budsjettstyring
 - For å oppnå god budsjettstyring må det sikrast at budsjettet er realistisk og at det gjerast løypande vurdering av budsjettavvik og inndekning.
- Sal av tomt
 - Inntekt frå sal av tomt blir ført som driftsinntekt og er ikkje i samsvar med forskrifta etter revisjonen sin vurdering. Det bør difor vurderast å budsjetterast ei overføring frå drift til investering for å bevare verdien av tomten under anleggsmidlar.
- Kriterier for nedskriving av anleggsmidlar
 - Det bør utarbeidas notat som viser til indikasjonen på mogleg nedskriving og kommunen sin vurdering av dette, og gjerne ta med dette i note 4.
- Kortsiktig fordring merka «Fylket-Solen VA etappe II utb. Etter 2013»
 - Denne står bokført kr 800 000 og av dei grunner revisjonen peikar på i rapporten er det ein grad av usikkerhet med fordringa og dette bør følgjast tett opp i 2016.
- Utrekning av minste lovlege avdrag på lån
 - Når ein budsjetterer og avgjer storleik på minsteavdrag bør ein legge til grunn utrekningsmodell som er godkjent av KRD.
- At ein også for 2016 innarbeider relevante notar som går fram av KRS nr 6.
 - Det vert peika på aktuelle notar utover det som går fram av rekneskapen 2015.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 18.04.2016 og revisjonsrapport nr. 13 datert 18.04.2016, har kontrollutvalet ingen andre merknader til årsrekneskapen for Austrheim kommune for 2015.

14/16 Oppfølging av purring av Ability og KS vedtak 012/15 – oppfølging av KS-vedtak 054/14 og KU-sak 35/14, 47/14 og 05/15
Saksvedlegg: KS-vedtak 012/15, 054/14 og KU-sak 05/15

I førre periode vart det avdekka ein del manglande fakturering og purringar frå kommunen. Desse vart følgt opp av kontrollutvalet og kommunestyret, slik det går fram frå vedlagt særutskrift frå kontrollutvalet om sak 05/15 datert 19.01.15. Kontrollutvalet ønskja å få statusoppdatering på faktura og purringar som det ikkje er gjort greie for.

Økonomisjefen orienterte om status for faktura og purringar, og orientere om at Ability har betalt faktura.

Ordfører orienterte om KS-vedtak 012/15 og avtalen med Breidvik eiendom frå 2009 og møte mellom partane i 2013. Denne fakturaen er fortsatt ikkje betalt, og kommunestyrevedtak 012/15 står uavklart.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

Kontrollutvalet ber kommunestyret om å ta opp KS sak 012/15 på nytt for handsaming, då saka fortsatt ikkje er avklart.

15/16 Forvaltningsrevisjon

Saksvedlegg: KS-vedtak 010/16 Plan forvaltningsrevisjon

Denne saka vart tatt opp som tredje sak på sakslista og etter sak 17/16.

I følgje kommuneloven § 77 pkt. 4 skal det gjennomførast forvaltningsrevisjon. I forskrift om kontrollutval står det i §10 at kontrollutvalet skal utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon som kommunestyret vedtek. Kommunestyret kan gi fullmakt til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer å prioritere følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- *Vedtaksoppfølging og vedtaksutforming – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp? Stettar dei formkrava i lov og regelverk? Har kommunen godt nok grunnlag når vedtak vert fatta? Korleis er kvalitetssikringa?*
- *Økonomistyring og aktuelle øymerka tilskott*
- *Arkivtenesta: rutinar og organisering*
- *Kommunen som skuleeigar*

Kontrollutvalet ser det som naudsynt at ein kan foreta endringar i dei prioriterte prosjekta i planperioden og eventuelt komme inn med nye prosjekt dersom det er meir aktuelt. Omfanget av prosjekta vert bestemt ut i frå revisjonen sitt timetal til rådighet for forvaltningsrevisjon, denne er for Austrheim kommune estimert til ca. 900 timer i løpet av perioden.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- *Vedtaksoppfølging og vedtaksutforming – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp? Stettar dei formkrava i lov og regelverk? Har kommunen godt nok grunnlag når vedtak vert fatta? Korleis er kvalitetssikringa?*
- *Økonomistyring og aktuelle øymerka tilskott*
- *Arkivtenesta: rutinar og organisering*

- *Kommunen som skuleeigar*

Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom det skulle vere meir aktuelt.

Kommunestyret har handsama plan for forvaltningsrevisjon og komme fram til desse prosjekta:

1. PPT og spesialundervisning.
 2. Barnevernet.
 3. Folkehelsa i Austrheim
 4. Økonomistyring og aktuelle øyremerka tilskot
- Kontrollutvalet gjev tilbakemelding til kommunestyret om gjennomføringstidspunkt.

Revisjonen orienterte at Austrheim kommune står for tur for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet ønskjer derfor å bestille prosjektplan for eit av prosjekta for forvaltningsrevisjon.

For å nytta ressursane til revisjonen på ein god måte, kan det vere lurt å samkøyre prosjekt med liknande prosjekt i andre kommunar. Utifrå plan for forvaltningsrevisjon vedtatt av kommunestyret, er barnevernstenesta oppført som eit av fire moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt. Dette tenesteområdet er det både pågåande og planlagde forvaltningsrevisjonar på i andre kommunar i regionen, og kontrollutvalet ønskjer derfor å bestille dette prosjektet først.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer å bestille prosjektplan for forvaltningsrevisjon av barnevernet i Austrheim kommune.

16/16 Oppfølging av KU-sak 06/16: Kontrollutvalet – ansvar, oppgåver og organisering
Saksvedlegg: KU-sak 06/16, KS-vedtak 009/16 og notat «Kontrollutvalet Austrheim kommune - ansvar, oppgåver og organisering»

Denne saka vart handsama som første sak på sakslista etter sak 12/16 Skriv og meldingar.

Frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek grunnlagsdokumentet «Kontrollutvalet Austrheim kommune – ansvar, oppgåver og organisering».

Kontrollutvalet ønskjer eit drøftingsmøte med kommunestyret med tema rolleforståing og tillit til kontrollutvalsarbeidet og revisjonsarbeidet i Austrheim kommune.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret vedtek grunnlagsdokumentet «Kontrollutvalet Austrheim kommune – ansvar, oppgåver og organisering».

Kommunestyret ønskjer eit drøftingsmøte med kontrollutvalet med tema rolleforståing og tillit til kontrollutvalsarbeidet og revisjonsarbeidet i Austrheim kommune.

Kontrollutvalet har sett på grunnlagsnotatet sidan sist møte og ønskjer å gjere nokre endringar. Kontrollutvalet ber om at siste versjon vert nytta av kommunestyret i deira handsaming av dokumentet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek grunnlagsdokumentet «Kontrollutvalet Austrheim kommune – ansvar, oppgåver og organisering» med dei endringane som vart lagt fram i møtet. Kontrollutvalet ber om at siste versjon vert nytta av kommunestyret i deira handsaming av dokumentet.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret vedtek siste versjon av grunnlagsdokumentet datert 02.05.16 «Kontrollutvalet Austrheim kommune – ansvar, oppgåver og organisering».

17/16 Førebuing til drøftingsmøte i kommunestyret

Saksvedlegg: KS-vedtak 009/16 og «Kontrollutvalget – fokus på kommunal kvalitet», NKRF og KS

Denne saka vart handsama som andre sak på sakslista etter sak 16/16.

Kontrollutvalet diskuterte orienteringa som dei skal halde i kommunestyremøtet 25. mai og forventingar til kommunestyret.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet oppmodar og har satt av tid (ca. 3 minuttar) til at gruppeleiarane kan førebu nokre forventingar til kontrollutvalet til det planlagde drøftingsmøte med kommunestyret 25. mai.

18/16 Møteprotokollar frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

19/16 Eventuelt

- A. Kontrollutvalet ønskjer å bestille revidering av byggerekneskap av vegprosjektet ved kommunehuset og av byggerekneskapet til Kystbarnehagen


Samrøystes vedtak:


Kontrollutvalet ønskjer å bestille revidering av byggerekneskapet av vegprosjekt ved kommunehuset og av byggerekneskapet til Kystbarnehagen.


Neste møte i kontrollutvalet er satt til måndag 6. juni kl. 08.30.

Kontrollutvalet ønskjer å ha rutine på at det vert vald eit medlem i kontrollutvalet i kvart møte til å signere møteutskrifta, i tillegg til at leiar og sekretariatet signerer.

Austrheim, 02.05.2016


Solveig Hopen /leiar


Bente Øksnes/medlem


Tonje Husum Aarland /sekretær

